

Tormodmuren i Skipevåg, og korleis den kan ha fått namnet.



Tormodmuren i 1888.

Denne muren er vest for det gamle våningshuset på garden. Den syner fortsatt, og måla er ca 7-8 m kvar veg, altså temmelig kvadratisk og vel 50 m².

Namnet Tormod er å finne berre to gonger blant borna som er fødde i Skipevåg. Den første er Tormod L. Skipevåg 1854-1880 og brorsonen Tormod O. Skipevåg 1882 – 1909.

Begge desse døydde unge og ugifte. Det er han første av desse eg trur har gitt namnet til Tormodmuren.

På 1800-talet sto det ei «Kakkelovnstue» på garden som blei brukt til folgehus. Dette var nok eit hus som var bygd tidleg på 1800-talet eller før, kanskje det var Lars Tieraldsen som bygde den då han blei folgemann i 1804. Det me veit sikkert er at Den var ikkje ny då Ola Larsen f. 1776, blei folgemann i 1836 og flytta inn i den.

Lars Olsen f. 1807, kona Marta og tre søner som ikkje var gifte, deriblant yngste sonen Tormod f. 1854 budde i eit folgehus som må ha vore same kakkelovnstue, ved folketeljinga i 1875.

Lars Olsen døydde i januar 1877 og kona Marta i april 1878. Dei to andre sønene, Lars og Andreas flytte og ut på denne tida.

Eg har ikkje forstått det slik at det sto hus tidlegare, der Ola Larsen f. 1838 bygde folgehus på begynnelesen av 1900-talet. Det er heller ikkje «vister» etter andre murar på garden i nærleiken av tunet, og eg ser det som svært sannsynleg at denne kakkelovnstuen har stått på Tormodmuren

Tormod fortsatte å bu i kakkelnstuen etter at foreldra var døde, men han døyde 26 år gamal i august 1880. Etter at han døyde må kakkelnstuen ha blitt riven, og dette må ha skjedd før 1888, jfr. Archerbildet av tunet frå det året.

Dette var omtrent på denne tida det blei bygd nytt hovedhus på garden, (ferdig 1877-78). Det kunne vere naturleg å rive den gamle Kakkelnstuen når ingen budde der lenger, og det heller ikkje var folgefolk på garden.

Det eg trur er at muren etter denne kakkelnstuen har blitt kalla opp etter Tormod L. som var den siste som budde der.

Det var ikkje behov for nytt folgehus på garden før Ola Larsen f. 1838 bygde nytt "bortiståvå" heilt i starten av 1900-talet.



Tormod Larsen Skipevåg (1854 – 1880). Han som kan ha gitt namnet til Tormodmuren.



Tormodmuren i 2015

Dette skrivet er basert på kva som kan vere sannsynleg ut frå ein del fakta.